

FORSKRIFT OM VASS- OG AVLØPSGEBYR I LEIKANGER KOMMUNE

Vedteke i Leikanger kommunestyre den 13.12.2018 med heimel i lov om kommunale vass- og kloakkavgifter § 3, og forskrift om kommunale vass- og avlaupsgebyr av 1. juli 2012.

§ 1 VERKEOMRÅDET

Denne forskrifta gjeld alle abonnentar i kommunen (sjå definisjon av abonnent i § 2) og den fastset utrekningsmåte og innbetaling av gebyr for dei kommunale vass- og avløpstenestene.

§ 2 DEFINISJONAR

Abonnent:

- Eigar/festar av eigedom som er registrert med eige gards- og bruksnummer eller eige festenummer eller seksjonsnummer og som er tilknytt kommunal vass- og eller avløpsleidning direkte eller gjennom felles stikkleidning.
- Festar av eigedom der festeavtalen ikkje er registrert, men der festaren eig dei bygningane som er plasserte på tomta, og brukar festerett slik det går fram av lov om tomtefeste.
- Eigar/festar av eigedom, som kommunen i medhald av §§ 65, 66 og 92 i Plan og bygningslova har kravd tilknytt kommunal vass- og avlaupsleidning.

Eining:

- Med eining i denne forskrifta er meint bueing eller næringseining. Bueining er husvære med separat inngang, eit eller fleire opphaldsrom og i tillegg eige bad/WC og kjøkkendel. Næringseining er sjølvstendig lokale som er i bruk til næringsverksemd.

Kombinasjonsbygg:

- Bygg med både bustader og næringsverksemd.

Kommunal vass- og avløpsleidning:

- Leidningar som er kommunal eigedom ved at dei er kosta eller overtekne av kommunen.

Stikkleidning:

- Vass- eller avløpsleidning for ein eller fleire eigedomar som er abonnenten sin eigedom og som blir halde vedlike av denne. Dersom ikkje anna er avtalt, er stikkleidningen rekna til og med an boring for vatn og gren for avløp.

§ 3 GEBYRTYPAR

Følgjande gebyrtypar gjeld for både vatn og avløp:

- Tilknytingsgebyr
- Årsgebyr (abonnementsgebyr og forbruksgebyr)
- Gebyr for administrasjon av ordning med vassmålar
- Gebyr for mellombels tilknytning

§ 4 TILKNYTINGSGEBYR

Tilknytingsgebyret skal betalast:

- når eigedom med hus på blir tilknytt offentleg vass- og/eller avløpsnett
- ved første gongs oppføring av bygg som blir tilknytt offentleg vass- og/eller avløpsnett.

Abonnentar med bustad- og fritidseigedommar skal betale normalsats.

For næringsseigedommar, offentlege bygg og kombinasjonsbygg blir tilknytingsgebyret fastsett på grunnlag av dimensjon på inntaksleidningen for vatn, slik det går fram av tabellen under.

| Dimensjon på leidning i mm | Gebyrstorleik N x normalsats |
|-------------------------------|---------------------------------|
| ≤ 32 | N = 1 |
| ≤ 40 | N = 2 |
| ≤ 63 | N = 4 |
| ≤ 75 | N = 6 |
| ≤ 110 | N = 10 |
| > 110 | N = 15 |

Storleiken på gebyret går fram av gebyrregulativet som kvart år blir fastsett av kommunestyret.

§ 5 ÅRSGEBYR

Årsgebyret for vatn og avløp skal betalast av alle som er abonnentar. Gebyret er sett saman av to delar:

- abonnementsgebyr
- forbruksgebyr

Samla abonnementsgebyr for høvesvis vatn og avløp skal dekkje dei faste kostnadene som kommunen har på desse sektorane. Forbruksgebyret skal dekkje dei variable kostnadene.

Fordelinga mellom faste og variable kostnader for vatn er vurdert til 40/60, dvs. at abonnementsgebyret skal dekkje 40 % og forbruksgebyret 60 % av kostnadene (sjølvkostgrunnlaget) for vassforsyninga i kommunen.

Fordelinga mellom faste og variable kostnader for avløp er vurdert til 40/60, dvs. at abonnementsgebyret skal dekkje 40 % og forbruksgebyret 60 % av kostnadene (sjølvkostgrunnlaget) for avløpssektoren i kommunen.

Årsgebyret skal reknast frå og med månaden etter at eigedommen er tilknytt kommunalt leidningsnett.

Storleiken på abonnementsgebyr og forbruksgebyr går fram av gebyrregulativet som kvart år blir fastsett av kommunestyret.

ABONNEMENTSGEBYR

Abonnementsgebyret blir differensiert etter brukarkategori.

Abonnementsgebyr for bustad gjeld for bustad- og fritidshus, og skal betalast pr.eining, jfr. definisjonen av eining i § 2. For einebustad med inntil ei ekstra bueining skal det berre betalast eitt abonnementsgebyr.

Abonnementsgebyr for næring skal betalast for næringsbygg, offentlege bygg og kombinasjonsbygg, og skal belastas pr. eining, jf. definisjonen av eining i § 2. Gebyret blir fastsett på grunnlag av dimensjon på inntaksleidningen slik dette går fram av tabellen under.

| Dimensjon på leidning i mm | Gebyrstorleik N x normalsats |
|-------------------------------|---------------------------------|
| ≤ 32 | N = 1 |
| ≤ 40 | N = 2 |
| ≤ 63 | N = 4 |
| ≤ 75 | N = 6 |
| ≤ 110 | N = 10 |
| > 110 | N = 15 |

FORBRUKSGEBYR

Abonnentar med bustad- og fritidshus betaler anten etter faktisk (målt) vassforbruk og pris pr. m³ eller stipulert forbruk basert på utrekna bruksareal i samsvar med NS 3940 og pris pr. m³. Omregningsfaktor for stipulert forbruk er sett til 1,4 m³/m² for bustader og 0,35 m³/m² for fritidshus.

Følgjande bruksareal og vassforbruk skal leggjast til grunn for stipulert forbruk:

| Bruksareal (m ²) | Grunnlag for utrekning (m ²) | Stipulert forbruk (m ³) | |
|---------------------------------|--|-------------------------------------|------------|
| | | Bustadhus | Fritidshus |
| < 100 | 70 | 100 | 25 |
| 101 – 250 | 140 | 200 | 50 |
| >250 | 200 | 280 | 70 |

Både abonnent og kommune kan krevje at forbruksgebyret blir rekna ut frå målt forbruk.

Næringseigedommar, offentlege verksemder og kombinasjonsbygg betaler forbruksgebyr etter faktisk (målt) vassforbruk og pris pr. m³. Forbruket blir målt med installert vassmålar.

For alle abonnentar gjeld at avløpsmengda blir rekna lik vassmengda, sjå likevel § 6.

§ 6 FRÅDRAG ELLER TILLEGG I ÅRSGEBYRET

Dersom avløpsmengda ein abonnent har er vesentleg større eller mindre enn det målte vassforbruket, kan årsgebyret (forbruksgebyret) for avløp bli rekna ut på grunnlag av stipulert avløpsmengde, eventuelt kan avløpsmengda målast særskilt.

Dersom avløpsvatnet skil seg vesentleg frå vanleg hushaldsavløp, kan det reknast tillegg eller i frådrag i årsgebyret (forbruksgebyret).

Dersom ein eigedom i lenger tid blir fråkopla det kommunale vass- og/eller avløpsnett, kan abonnenten etter søknad fritakast frå årsgebyr i denne perioden. Kommunen kan krevje betaling til å dekkje kostnaden med fråkopling/tilkopling. Storleiken på betalinga går fram av gebyrregulativet som kvart år blir fastsett av kommunestyret.

Restriksjonar for vassforbruk eller kortare avbrot i leveranse eller mottak av avløpsvatn gjev ikkje grunnlag for reduksjon i gebyra.

§ 7 GEBYR FOR ADMINISTRASJON AV ORDNINGA MED VASSMÅLAR

Abbonnten må sjølv koste innkjøp og installasjon av vassmålar. Kommunen fastset type og storleik på målar.

Installasjon og bruk av vassmålar skal vere i samsvar med *Reglar for bruk av vassmålar i Leikanger kommune* (Vedlegg til denne forskrifta).

Abbonnten betalar eit årleg gebyr til dekking av kommunen sine kostnader med å administrere ordninga med vassmålar.

Storleiken på gebyret går fram av gebyrregulativet som kvart år blir fastsett av kommunestyret.

§ 8 MELLOMBELS TILKNYTING

Mellombels tilknyting gjeld for bygg/anlegg som har innlagt vatn og/eller utslepp av avløpsvatn til kommunalt nett, men der bygget/anlegget berre skal nyttast i ein avgrensa periode.

Gebyret blir fastsett etter dei reglane som gjeld årsgebyr for næringsverksemd.

Mellombels tilknyting gjeld for opp til eitt år, med høve til å søkje om lenger tid.

Gebyr for mellombels tilknyting går fram av gebyrregulativet som kvart år blir fastsett av kommunestyret.

§ 9 INNBETALING AV GEBYR

Abbonnten er ansvarleg for betaling av gebyra.

Eingongsgebyr for tilknyting må vere innbetalt før tilknyting skjer.

Årsgebyr blir kravd inn saman med andre kommunale gebyr, og blir fordelt over 2 terminar pr. år. Ved bruk av vassmålar blir forbruksgebyret å betale à konto basert på forbruket året før. Målaravlesing skjer 31.12. kvart år, og avrekning vil skje i 1. termin året etter.

Gebyr for tilknytning, mellombels tilknytning og tilleggsgebyr blir fakturert særskilt.

Dersom vassforbruket til abonnenten har endra seg vesentleg frå siste målaravlesing, kan kommunen endre à konto beløpet. Abonnenten skal varslast før slik endring finn stad.

§ 10 INNKREVJING AV GEBYR

Krav på årsgebyr er sikra med lovpant i eigedommen etter pantelova sin § 6-1. Gebyra kan krevjast inn av kommunen etter reglar for innkrevjing av skatt.

§ 11 VEDTAKSMYNDIGHEIT

Vedtak etter denne forskrifta blir gjort av rådmannen.

§ 12 SAKSHANDSAMING / KLAGE

Avgjerd etter denne forskrifta følgjer forvaltningslova. Formannskapet er klageinstans.

Storleik på gebyra (*gebyrregulativet*) blir fastsett av kommunestyret. Dette er ei forskrift som ikkje kan påklagast.

§ 13 IVERKSETJING

Forskrifta trer i kraft 1.januar 2004.

KOMMENTARAR TIL ENKELTE PARAGRAFER I FORSKRIFT OM VASS- OG AVLØPSGEBYR I LEIKANGER KOMMUNE

Til § 1 VERKEOMRÅDE

Til § 2 DEFINISJONAR

Til § 3 GEBYRTYPAR

Kommunen har innført 4 gebyrtypar på vass- og avløpssektoren. I følge "Lov om kommunale vass- og kloakkavgifter" skal det både vere eingongsgebyr for tilknytning og eit årlege gebyr. Årsgebyret er her delt i ein fast del (abonnementsgebyr) og ein variable del (forbruksgebyr), slik forskrifta frå 13. juli 2000 opnar for. Vidare er det innført eit gebyr for dei abonnentane som nyttar vassmålar, (dette gebyret skal dekkje dei kostnadene som kommunen har med å administrere ordninga med vassmålar). Det er òg innført eit gebyr for mellombels tilknytning.

Det vil vere tilhøve som gjev grunnlag for tillegg eller fråtrekk i årsgebyret, jf. § 5.

Nærare omtale er gitt under dei enkelte paragrafane.

Til § 4 TILKNYTINGSGEBYR

Gebyret for tilknytning skal ikkje referere seg til nokon bestemt del av kostnadene som kommunen har på sektoren, men intensjonane med gebyret er at det skal dekkje ein forholdsmessig del av kommunen sine samla kostnader med vassforsyning og avløp.

Denne forskrifta fastlegg at abonnentar med bustad-/fritidshus skal betale gebyr etter ein "normalsats", uavhengig av storleiken på bygget. I bustadbygg med fleire einingar (jf. definisjonen av eining) skal det betalast eit tilknytingsgebyr pr. eining. For næringseigedomar (inkl. gardsbruk) og kombinasjonsbygg er tilknytingsgebyret avhengig av kor stor inntaksleidning det blir lagt til eigedomen/bygget. Gebyret blir $N \times$ "normalsats", der N går fram av tabellen. For bygg med fleire abonnentar skal kvar abonnent betale gebyr, utrekna i samsvar med dei reglane som gjeld for den enkelte abonnentkategori.

Dersom det er fleire inntaksleidningar til eigedomen/bygget, skal alle leidningane leggjast til grunn for utrekning av gebyret. For eksempel vil ein 40 mm og ein 63 mm leidning gje ein $N = 6(2 + 4)$.

Til § 5 ÅRSGEBYR

Årsgebyret er sett saman av ein fast og ein variabel del som referere seg til høvesvis dei faste og dei variable kostnadene som kommunen har på vass- og avløpssektoren. Dei faste kostnadene er kostnader som i mindre grad er avhengig av vassforbruket, medan den variable delen er kostnader som i større grad er avhengig av vassforbruket.

Det er lagt til grunn at fordelinga mellom faste og variable kostnader er 40/60 både for vatn og avløp. Dvs. at 40 % av kostnaden som kommunen har på kvar av sektorane skal dekkjast inn gjennom abonnementsgebyret, og tilsvarende 60 % gjennom forbruksgebyret.

Abonnementsgebyret blir differensiert etter brukarkategori. Bruarkategorien bustad- og fritidshus betalar eit like stort gebyr pr. eining, jf. definisjonen av eining i § 2. For

brukarkategorien næring, blir gebyret fastsett etter storleiken på inntaksleidningen til eininga, dvs. etter den kapasiteten leidningsanlegget har.

Med fleire inntak skal alle leidningane reknast med. For bygg med fleire abonnentar skal kvar abonnent betale gebyr, utrekna i samsvar med dei reglane som gjeld for den enkelte abonnentkategori. For gardsbruk vil gebyret bli berekna både ut frå talet på bustadeiningar med tillegg av berekning ut frå dimensjon på inntaksleidning(ar) til driftsbygningar.

Forbruksgebyret kan målast eller stipulerast for bustad- og fritidshus, og skal målast for næringsbygg, offentlege bygg og kombinasjonsbygg. For burettslag gjeld reglane for bustadhus.

Både abonnent og kommune kan krevje betaling etter målt forbruk.

Dersom det ikkje er praktisk mogeleg å få montert ein vassmålar på ein frostsikker stad, blir forbruket fastsett av kommunen etter ei konkret vurdering av kva som er venta forbruk for eigedomen.

Avløpsgebyret skal reknast utifrå at avløpsmengda blir sett lik målt eller stipulert vassforbruk. Ev. unntak frå denne regelen går fram av § 6 i forskrifta.

Til § 6 FRÅDRAG ELLER TILLEGG I ÅRSGEBYRET

Avvik mellom vassforbruk og avløpsmengde vil m.a. kunne gjelde næringsverksemdar der vatn inngår i produkta eller der vatn blir brukt til kjøling utan at det etterpå går inn på kommunalt avløpsnett. Det vil òg m.a. kunne gjelde bustad- og fritidshus som har toalettsystem som ikkje brukar vatn og for landbrukseigedomar.

Avvik med omsyn til innhald i avløpsvatnet vil kunne gjelde verksemdar der konsentrasjonen av organisk materiale, næringssalt, feitt og liknande i avløpsvatnet er langt høgare enn i vanleg hushaldsavløp.

For verksemdar der avløpsvatnet utgjør ein vesentleg del av den samla avløpsmengda som blir tilført det kommunale anlegget, skal det normalt inngåast særskilt avtale om storleiken på gebyret.

Føresetnaden for tillegg eller reduksjon i gebyret er at kommunen får auka eller reduserte kostnader med drift av sine avløpsanlegg. Storleiken på tillegg/frådrag blir fastsett etter avtale mellom abonnent og kommune, ev. av kommunen dersom slik avtale ikkje kjem i stand.

Alle fråtrekk eller tillegg i årsgebyret som er nemnt ovafor gjeld berre for forbruksgebyret.

Dersom ein eigedom ikkje er i bruk over lenger tid, vil det etter søknad kunne gjevast fullt fritak for årsgebyret for den tida eigedomen er fråkopla. Ev. fritak gjeld frå første årsskifte etter at søknaden er godkjent og abonnenten har gitt kommunane melding om at leidningane kan koplast frå.

Kommunen kan ta betalt for å stenge av/kople frå vass- og avløpsleidningar til ein eigedom som ikkje er i bruk, og tilsvarande for å kople til att. Med avstenging/fråkopling er òg meint plombering av stoppekran. Det kan ikkje krevjast tilknytingsgebyr når ny tilkopling skjer. Betalinga for frå-/tilkopling blir fastsett av kommunestyret og går fram av gebyrregulativet.

Restriksjonar for bruk av vatn, for eksempel forbod mot eller redusert hagevatning, periodevis utkopling når det er lite vatn eller liknande, gjev ikkje grunnlag for fritak eller redusert gebyr. Det same gjeld ved kortare avbrot i samband med lekkasjar, utbetring av leidningsnett, byggjeprojekt og liknande. Med kortare avbrot i leveranse av vatn eller mottak av avløpsvatn er her meint inntil ca. 1 døgn.

Til § 7 GEBYR FOR ADMINISTRASJON AV ORDNING MED VASSMÅLAR

Gebyret skal dekkje den meirkostnaden som kommunen har med å administrere ordninga med vassmålar, inkl. å føre tilsyn og kontroll av målar, og ev. nødvendig stikkprøveavlesing. Kostnadene blir rekna ut på grunnlag av dei rutinane som kommunen har, m.a. for tilsyn og kontroll.

Til § 8 MELLOMBELS TILKNYTING

Mellombels tilknyting vil for eksempel gjelde for anleggsbrakke og liknande som blir sett opp i samband med byggje- eller anleggsverksemd. Det er eigar/festar av eigedomen som er ansvarleg for å betale gebyret, sjølv om brakkeriggen er sett opp og eigd av andre.

Kostnader med den fysiske tilknytninga og fråkoplinga må eigar/festar av eigdommen betale, men det skal ikkje betalast tilknytingsgebyr i samband med mellombels tilknyting.

Til § 9 INNBETALING AV GEBYR

Til § 10 INNKREVJING AV GEBYR

Ved manglande innbetaling av årsavgift, kan kommunen ta pant i eigedomen. Kravet på årsgebyr har, på line med skatt, førerrett framfor andre krav (hefte) på eigedomen.

Til § 11 VEDTAKSMYNDE

Til § 12 SAKSHANDSAMING / KLAGE

Til § 13 IVERKSETJING

REGLAR FOR BRUK AV VASSMÅLAR I LEIKANGER KOMMUNE

Innkjøp og installasjon av vassmålar

Målaren blir kjøpt inn og betalt av abonnenten og er abonnenten sin eigedom. Kommunen bestemmer type, plassering og storleik på målaren, tilpassa forbruket.

Abbonnten må òg koste installasjon og eventuell flytting av målaren. Installasjon av måler skal utførast av rørleggjar som er godkjent av kommunen. Vassmålaren må plasserast slik at den er lett tilgjengeleg både for avlesing og kontroll/utskifting. Etter montasje skal vassmålaren plomberast av godkjent rørleggjar.

Avlesing

Avlesing av vassmålaren skal gjerast ein gong kvart år. Abonnenten skal lese av målaren og melde inn data til kommunen innan fastsett tid.

Dersom avlesing eller innsending av data ikkje blir gjort til fastsett tid, blir årsforbruket stipulert. Kommunen kan eventuelt velje å lese av målaren for abonnenten si rekning.

Kontroll

Kommunen skal ha tilgang til vassmålaren for inspeksjon og kontrollavlesing til varsla tid.

Kommunen kan til ei kvar tid, eventuelt etter skriftleg søknad frå abonnenten, kontrollere vassmålaren. Dersom kontrollen viser feilavlesing på meir enn 5%, skal årsgebyret justerast for det føregåande året. Eventuell utskifting av målaren skal abonnenten sjølv koste.

Fleire tilknytingar

Kvar eigedom skal normalt ha berre ei tilknyting. I dei tilfelle ein eigedom har fleire tilknytingar, skal det installerast ein måler for kvar. Eventuelle interne målarar er kommunen uvedkommande.

Andre tilhøve

Når vassmålar er montert, kan denne ikkje fjernast utan kommunen sitt samtykke.

Dersom vassmålar ikkje kan plasserast frostsikkert, skal gebyret baserast på stipulert forbruk etter vedtekne utrekningsreglar.

Dersom ein måler blir skada, skal abonnenten straks melde dette til kommunen. Plomberte målarar kan berre opnast av eller under oppsyn kommunen sitt personell. Er ein plombe broten, blir vassforbruket for vedkommande termin fastsett til pårekna forbruk multiplisert med 4.